



**Sogn og Fjordane
Orienteringskrins**
Orientering - meir enn idrett!

Presteholten 15
6810 Førde
Tlf. 918 19 545
Bankgiro: 3700.61.15110
E-post:
johan.mageroy@mentor.no

Til laga og tillitsvalde i SFOK

Førde, 09.01.2020

KLUBBUTVIKLING

I samarbeid med Vestland idrettskrets v/Bodil Ryste innbyr o-krinsen til fagsamling med tema klubb utvikling. Målgruppa er o-gruppene i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord.

TID: **Laurdag 29. februar 2020 kl 10.00.**
Fagsamlinga blir avslutta med lunsj kl 12.15.
Frå kl. 13.00 blir det krinsting i SFOK (jf. eiga innkalling.)

STAD: **Skei Servicenter (bensinstasjonen på Skei), eige møterom i 1. etasje i bankbygget.**

Om innhaldet: Formålet med samlinga er å hjelpe gruppene til å finne
- kva er no-situasjonen, og kva for utviklingsbehov har gruppa?
- kva for tiltak skal prioriterast?

Aktuelt overordna tema: Korleis få fleire til å bli med og halde fram med o-sporten (rekruttering - hindre fråfall)? Frå krinsen si side har vi ei tanke om at dette å få nye deltakarar på o-trolleirar, skulesprint og nærløp til å halde fram med å delta på nærløp, er ei viktig utfordring, men arbeidsgruppene står fritt til å velje problemstilling.

Etter ei felles innleiing, blir deltakarane inndelt i grupper for å jobbe med spørsmåla ovanfor.

Bodil Ryste er idrettsfagleg konsulent i Vestland idrettskrets. Ho har arbeidsplass i Førde og var tilsett i Sogn og Fjordane idrettskrins fram til samanslåinga med Hordaland. Bodil er „Rettleiar i klubb utvikling“ og står for det faglege innhaldet på samlinga.

Verktøy som blir nytta er mellom anna „Organisasjonshjulet“ som du finn på orienteringsforbundet sine nettsider <http://orientering.no/laering/klubb utvikling/> .

Vi trur det vil vere inspirerende og nyttig om fleire deltar frå dei ulike o-gruppene.

Pris: **Gratis.** O-krinsen dekkjer kostnadene med samlinga.

Påmelding **Innan 24.02.** Send påmelding til johan.mageroy@mentor.no .

Velkommen på samlinga!

Med helsing

Sogn og Fjordane Orienteringskrins
Johan Magerøy